



Laget fotografert under AI Cup der dei tok ein flott 2.plass nyleg(Foto frå [www.rosendal-turnlag.no](http://www.rosendal-turnlag.no))

**I første kamp i haustsesongen møtte G-16 laget til Rosendal Fitjar. Kampen vart spela i Rosendal. Fitjar er eit godt lag; - godt organisert og god fysikk med duellsterke spelarar. Dei kom og best i gang, og tok leiinga 0-1, men så starta Rosendal opphentinga. Pauseresultatet var 2-1 til heimelaget, og til slutt vart seierssifrane 3-1.**

Uskedelinger var sentrale i denne opphentinga. 1-1 målet kom på eit herleg frispark frå ca.22 meeter. Hans Fredrik G. Zimmer presenterter gullfoten sin. Simon Kortila fastsette pauseresultatet til 2-1 med si scoring. I 2. omgang var på ny ein uskedeling på ferde. Hermund Døssland klinte til frå ca. 25 meter, og ballen gjekk inn i krysset til venstre for keeper. Dermed fastsette han sluttresultatet til 3-1.

I tillegg til Hans Fredrik og Hermund var det to uskedelinger på banen. Lovande Marius Myklebust spelte på laget, medan Svein Arild Kjærland gjorde ein god jobb som dommar.

Meir om kampen på: [www.rosendal-turnlag.no](http://www.rosendal-turnlag.no)

Av: Thor Inge Døssland.